



Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
41/17	Forvalningsstyret	06.06.2017

Søknad om godkjenning av nye bestandsplaner for elg og hjort 2017-2021

Rådmannens innstilling:

Lesja kommune vil med hjemmel av §15 og §16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt vedta bestandsplan for elg og hjort i Lesja kommune for perioden 2017-2021, med følgjande endringar for bestandsplanane:

1. Det tellande arealet for Lesjaskog viltlag reduseras med 7357 daa og blir dermed 126643 daa.
2. Det gjevest ei maksimal grense på 10 % av kvote på dyr jf. avskytingsplan som kan overføras frå eit år til eit anna for både hjort og elg.
3. I løpet av denne bestandsplanperioda må det revideras det tellande arealet for elg og hjort. Lesja kommune ønsker gjerne å delta på dette saman med rettigkeitshavarane for å einas om like reglar for endring av tellande areal.
4. Det blir gjeve ei kvote på totalt 545 elg og 495 hjort
5. Bestandsplanen bør legge opp til ei evaluering av planen etter 2 år for å gje ein indikasjon på om nye grep må gjennomføras.
6. Fellingskvota for elg og hjort reduseres med 5 elg og 5 hjort for Lesjaskog viltlag, jf. det reduserte tellande arealet for viltlaget.

Rådmannen får delegert myndighet etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt til å sendte ut fellingsstillatelsane til kvart enkelt vald i dette bestandsplanområdet jf. dette vedtaket.

Fellingsstillatelsen skal gjevest for tal dyr utan spesifikasjon på alder og kjønn, sjølv om avskytinga skal følgje bestandsplanen jf. §18.

Bestandsplanen for elg og hjort 2017-2021 er eit godt verktøy for å få til ei heilskapleg forvaltning av elg og hjort i kommunen. Lesja kommune vil også nytte anledninga til å takke Lesja elgutvalg for eit godt arbeid med forvaltning av elg og hjort i Lesja gjennom mange år.

Willy Sægrov

Bakgrunn:

Lesja elgutvalg har i brev av 25.04.2017 søkt om godkjenning av bestandsplan for elg og hjort for valda Lesja, Lesjaskog, Tunga og Lesja fjellstyre for perioda 2017-2021. Denne planen vil avløyse planen som var gjeldande i perioda 2012-2016.

Omsøkt bestandsplan for elg, og bestandsplan for hjort ligg som vedlegg til saka.

Definisjonar:

Bestandsplanområde: eit forpliktande samarbeid om bestandsplan mellom to eller fleire vald.

Bestandsplan: Ein bestandsplan er ein fleirårig plan som beskriv den årlege avskytinga av ein hjorteviltart fordelt på kjønn og alder.

Lesja elgutvalg er ansvarleg for bestandsplanen for elg og hjort som er søkt om. Lesja elgutvalg har som formål å komme fram til eit samarbeid om forvaltning av elg- og hjortestamme og avpasse størrelsen i forhold til skade på skog/innmark og tilgjengeleg vinterbeite. Elgutvalget består av ein representant frå kvar rettighetshavar, Lesja heimrast/grunneigarlag, Lesjaskog viltlag og Lesja fjellstyre/Tunga sameige.

Tabell 1. Oversikt over rettighetshavere, tellende areal og ansvarlig pr 1.1.2017.

Rettighetshaver	Tellende areal	Ansvarlig 2017
Lesjaskog viltlag	134 000	Knut Krokrud
Lesja grunneigarlag	128 000	Arild Rolstad
Lesja fjellstyre	125 000	Tommy Sonsterud
Tunga sameie	4 500	Liv Ruud Johansen
Sum	391 500	

Mål for kommende bestandsplanperiode, hjort.

Planområdet ønsker en livskraftig hjortestamme noe under dagens bestandsnivå. Størrelsen på vinterstammen må være bærekraftig uten for store skader på skog og innmark. I Lesja er det fra før problem med beiteskader av elg på furuskog.

Delmål for kommende bestandsplanperiode

1. Bestandsstørrelse
 - Bestandsstørrelsen skal reduseres noe. Sett hjort pr jegerdag bør ligge mellom 0,4-0,5.
2. Kjønnssammensetning og fordeling på felte dyr
 - Planområdet ønsker å redusere andelen bukk til 1,3 sett hind pr bukk.
 - Uttak i planperioden i %:

Bukk	Hind	Kalv/ungdyr
35	25	40
Max	Max	Min

Mål for kommande bestandsplanperiode, elg.

Planområdet ønsker en livskraftig elgstamme noe under dagens bestandsnivå. Størrelsen på vinterstammen må være bærekraftig uten for store skader på skog og innmark.

Delmål for kommende planperiode

1. Bestandsstørrelse
 - Bestanden skal reduseres noe. Sett elg pr jegerdag bør ligge rundt 0,8-0,9 i snitt for perioden.
2. Lordalen og Dalsida
 - Bestanden i Lordalen og Dalsida skal økes. Mål om 0,6 elg pr jegerdagsverk.
3. Kjønnssammensetning og fordeling på felte dyr
 - Andelen store okser i bestand skal opprettholdes
 - Ku okse forhold rundt 1,6-1,7
 - Uttak i planperioden:

Kategori	Stor okse	Liten okse	Ku	Kalv
Mål	10	35	40	15
Mål	Maks	Minimum	Maks	Maks

Avskytingsplan elg

For perioden 2017-2021 kan det felles inntil 550 elg. Tildeling innenfor planområdet gjøres med bakgrunn i sett elg data fra foregående år på elgutvalgets årsmøte. Etter 7 dager jakt gjøres en vurdering av bestand med bakgrunn i «7-dagers» skjema. Tilleggsdyr fordeles på dette møtet.

75 % av kvoten deles på som grunnkvote og 25 % er tilleggsdyr.

Liten okse= okse med maks 2 tagger på en side.

Fordeling av uttaket i planperioden.

Kategori	Stor okse	Liten okse	Ku	Kalv
Mål	10	35	40	15
Mål	Maks	Minimum	Maks	Maks

Fordeling mellom år for bestandsplanområdet. For å nå målet om å redusere bestanden er kvotene høye først i perioden og reduseres mot slutten.

År	Kvote	80 % felling	Voksen hann		Voksen hunn	Kalv
			Stor	Liten		
2017	120	96	9	31	35	13
2018	120	96	9	31	35	13
2019	110	88	9	31	35	13
2020	100	80	8	31	35	13
2021	100	80	8	31	35	13
Sum	550	440	43	155	175	65
Prosentfordeling		80	10	35	40	15

Kvote kan overføres mellom år.

Fordeling av grunn kvote mellom rettighetshavere. Lavere tildeling på Fjellstyret/Tunga begrunnes i lavere tetthet av dyr. For 2017 kvote 120 dyr. Grunnkvote 90. Fjellstyret/Tunga har en noe høyere andel hanndyr i fordelingen for å nå målet om økt bestand.

Avskytingsplan hjort

For perioden 2017-2021 kan det felles inntil 500 hjort. Tildeling innenfor planområdet gjøres med bakgrunn i sett hjort data fra foregående år på elgutvalgets årsmøte. Det forventes 80 % felling.

År	Kvote	80 % felling	Bukk		Voksen hunn	Kalv
			Voksen	Spiss		
2017	100	80	28	8	28	16
2018	100	80	28	8	28	16
2019	100	80	28	8	28	16
2020	100	80	28	8	28	16
2021	100	80	28	8	28	16
Sum	500	400	140	80	140	80
Prosentfordeling		80	35	10	35	20

Kvote kan overføres mellom år

Kvote ut til jaktlagene tildeles som, fritt dyr 35 %, hind 25 % og kalv/ungdyr/Spissbukk 40 %.

I perioden 2012-2016 er det ikke registrert spissbukk eldre enn 1,5 år.

Ulik tildeling innad i bestandsplanområdet begrunnes med ulik tetthet. Intern forflytting av kvote blir gjort av rettighetshaverne mot jaktslutt. Kvotefordeling kan justeres ved endringer i bestanden i løpet av planperioden.

Rettighetshaver	km ²	Kvote	Fritt	Hind	kalv/ungdyr	areal/dyr
Lesjaskog	134 000	30	10	7	13	4 467
Lesja	128 000	60	21	15	25	2 133
Fjellstyret/tunga	129 500	10	4	3	2	12 950
Sum	391 500	100	35	25	40	3 915

Bestandsplanene for elg og hjort inneheld også:

- Grunnlags- og bestandsdata for elg i bestandsplanområdet, deriblant oversikt over felte dyr i sist planperiode, kvote og tal felt elg 1971-2016 og hjort 2004-2016, sett-data, beitevurdering, utbredelse av arten og trekkforhold, sjå vedlegg.

Vurdering:

Lesja kommune kan med heimel i § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt godkjenne og behandle ein ny bestandsplan for elg og hjort i Lesja kommune. § 15 er også aktuell å sjå på ved behandling av bestandsplan.

15. Krav til bestandsplan for elg og hjort

Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål. Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.

For bestandsplanområder skal planen beskrive hvordan ulike dyrekategorier i fellingskvota årlig fordeles på de enkelte valdene.

Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1. mai. Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant.

§ 16. Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort

Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterende bestandsplan innen 15. juni.

En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.

Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.

Bestandsplanen til Lesja elgutvalg disponerer eit tellande areal på minimim 20 gonger minstearealet for arten. Minstearealet for hjort er 4000 daa og for elg 4000 daa. 20 gonger minstearealet er 80.000 daa for kvar art. Lesja elgutval søker om eit tellande areal for elg og hjort på 134.000 daa for Lesjaskog viltlag, 128.000 daa for Lesja grunneierlag, 125.000 daa Lesja fjellstyre 125.000 og Tunga sameie 4500 daa. Det tellande arealet har vore det samme godkjent for fleire bestandsplanar attende, og det er behov for å endre dette, da det er bebygd store areal i Lesja sida 1980-talet, både med hytter, boligfelt, næringsområder, vegområder osb., som er krav om skal trekkas ut av tellande areal. Det er også slik at Lesjaskog viltlag har fått redusert sitt vald (forutsatt godkjenning av det nye valdet til Grøna grunneierlag SA) med 8257 daa og eit tellande areal på 7357. Det tellande arealet til Lesjaskog Viltlag må dermed reduseras frå 134.000 til 126643. Sidan det er krav om at bestandsplanen skal vedtas innen 15.juni, og det er behov for å sjå på det tellande arealet til hjort og elg i Lesja under eitt, med like kriterier for kva som skal trekkas ut, så foreslår rådmannen at det settas som mål i bestandsplan for hjort og elg at det tellande arealet for elg og hjort skal gjennomgås og revideras i løpet av bestandsplanperioden 2017-2021. Lesjaskog viltlag får redusert sitt tellande areal med 7357, forutsatt at vald til Grøna grunneierlag godkjennas.

Bestandsplanområdet for Lesja elgutvalg reduseras også med 7357 daa, da delar av Lesjaskog viltlag vert redusert ved eit eventuelt nytt vald. Det er krav om utmelding også frå bestandsplanområde, men rådmannen vurderar dette kriteriet som oppfylt, da Grøna grunneierlag SA har meldt seg ut av valdet til Lesjaskog viltlag, men at framleis Lesjaskog viltlag er med i bestandsplanområdet til Lesja elgutval. Både Lesjaskog viltlag og Lesja elgutval er kjent med og orientert om søknaden om nytt vald frå Grøna grunneierlag SA. Det reduserte tellande arealet vil også utgjere 5 færre hjort og 5 færre elg i fellingskvote for Lesja elgutval/Lesjaskog viltlag i 5-årsperioden.

Rådmannen har vurdert at bestandsplanen for elg og hjort inneholder kravene etter §15 og §16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt:

- Sakshandsamar har etterlyst ein avskytingsplan som skal vere årleg for artene elg og hjort fra Lesja elgutvalg og fått ettersendt det den 24.mai 2017. Dette er et krav etter §15 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*. Elgutvalet har no ein avskytingsplan med begrunna val for tildeling av kvote dyr mellom valda, kva type dyr, og innbakt ein fleksibilitet mellom åra i avskytingsplanen og også mellom rettigheitshavarar. Dette ser rådmannen som fornuftig. Hjorteviltforskriften sett krav om at det skal oppgjevast ei oversikt over kor mange dyr kvart enkelt vald skal ha for å sikre at rettigheitshavarane vert behandla rettferdig. Forvaltning av levande dyr, som hjort og elg er støtt ei utfordring, og det er viktig å basere kvote og kva dyr på faktiske tal i bestanden, så godt vi har dokumentasjon på dette via hjorteviltregisteret og jaktstatistikk med meir. Lesja elgutval legg opp til ein berekraftig utvikling av bestandane elg og hjort, med bevisste val. Det gler rådmannen å sjå at kommunen har så bevisste rettigheitshavarar, og at dei legg opp til ein heilskapleg forvaltning av artane. Rådmannen vil tilråde ein reduksjon på

kvota til Lesjaskog viltlag, med bakgrunn i ein (eventuelt) godkjenning av det nye valdet til Grøna Grunneierlag SA, dette tilsvrar 5 hjort og 5 elg.

- Bestandsplanen for elg og hjort 2017-2021 inneholder fyldige og gode opplysningar om bestandane hjort og elg i Lesja både gjennom utbredelse og trekk, informasjon om årsleveområde, beitegrunnlag, sett-observasjonar, avskyting osv.
- Bestandsplanane for elg og hjort inneholder eigne mål for bestanden, men dei er ikkje i tråd med kommunale målsettingar, da det ikkje finns kommunale målsettingar for elg og hjort og rådyr i Lesja kommune. Dette er noko kommunen skulle levert på, og beklager vi ikkje har klart dette. Arbeidet er starta, med saken er ikkje klar til forvaltningsstyret før hausten 2017. Bestandsplanen for elg og hjort må få ros for sine målsettingar, som er basert på artanes biologi, struktur, beitegrunnlag, fokus på å redusere skog og beiteskader, og inneholder dessutan fleire konkrete mål. Sett hjort per jegerdag bør ligge på 0,4-0,5, noko som er konkret å måle etter bestandsplanperioda er over, samt å redusere delen bukk til 1,3 for hjort. Både for hjort og for elg leggas det opp til at stammene skal reduseras. Noko rådmannen støtter ut frå struktur, jaktmateriale, sett-hjort og sett-elg, beitegrunnlag og utfordringar knytt til skog og beiteskadar, samt på rundballar. Sett elg per jegerdag bør ligge på rundt 0,8-0,9 i snitt for perioden. Sett-observasjonar har sjølv sagt ei feilkjelde i kor korrekte opplysningane er innrapportert med meir, men er det beste vi har.

Det settas også krav om at bestanden i Lordalen og Dalsida skal aukas, med mål 0,6 elg per jegerverk, dette blir spennande å sjå om ein klarer å nå.

- For bestandsplanområde er det eit krav korleis dei ulike dyrekategoriane i fellingskvota fordelas på det enkelte valdet. Lesja elgutvalg sin bestandsplan vert behandla som forvaltning av eit bestandsplanområde
- Bestandsplanens varigheit er 5 år, 2017-2021. Rådmannen har ikkje kommentarar til periodas varigheit anna enn at den synas fornuftig.

Kvote elg

Vurderingar som er gjort i bestandsplanen for elg med tanke på kvote er basert på fleire faktorer, og førre bestandsplanperiode blir nøyne gjennomgått. Siste fem år har fellingsprosenten i snitt vore på 81%. Del vaksne dyr har i førre periode vore høgt i forhold til tidlegare, og dette påverker bestanden elg i Lesja. Det er eit viktig kunnskapsgrunnlag og viktig arbeid rettigheitshavarane/jegerane og Lesja elgutval gjer ved gjennomgang av kjever i etterkant av jakta og vekt på dyra.

Evaluering av sist planperiode er også grundig gjort rede for i bestandplanane. Det har vore få feilskytingar, noko som er bra. Uttak av eldre elgku har vore langt over målsettingane med heile 2 %. Uttaket av elgkalv har vore lavt. Elgbestanden er uendra i Dalsida og Lordalen målt i sett per jegerdag. Sett ku per okse har gått frå 1,7 til 1,6, og målet var 1,8. Sett i samanheng med det auka uttaket på eldre ku, og sett ku per okse bør ein ikkje legge opp til for stor avskyting på ku om målet framleis er 1,8. I ny plan er ku-okse forhold satt til 1,6-1,7. Det er ynskje om å ha fleire større okser i bestanden som kan bidra positivt inn i bestanden med tidlegare brunst og auka vekter på kalv og ungdyr.

Kvote hjort

I perioda 2012-2016 har det vore ein auke på sett hjort per jegerdag, bestanden ser ut til å vere aukande. Rettigkeitshavarane har hatt fokus på å auke uttaket, og det er nokre plassar meldt frå om beiteskadar. Det har vore tatt ut 59% hanndyr, men del bukk i bestanden aukar. Det er grunn til å tru at auka innvandring frå nabokommunane er med på å bidra til større andel bukk og bestandsoppgang.

Bestandsplanens tellande areal for hjort er lik som for elg.

Fleksibilitet

Bestandsplanar skal gje fleksibilitet for grunneigarar og tilrettelegge for ein best mogleg måloppnåing. Det er derfor fornuftig å få godkjent at kvote frå eit år kan overføras til eit anna for både arten hjort og for elg. Kommunen har berre myndighet til å godta eit avgrensa fellingstillatelse overføras mellom år, og ikkje eit frislepp, jf. § 16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, og vegleiar M-478. Ei anbefalt grense er ein 10%-regel av overføring frå eit år til eit anna, noko rådmannen vil støtte seg til.

Kommunen har moglegheit til å trekke attende godkjenning av bestandsplan ved manglar på areal kravet i §15, for store avvik frå planlagt jaktuttak eller ved manglande rapportering. Dette jamfør §16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt. Valda skal da tildelas fellingstillatelse i samsvar med §18, tredje ledd.

Jf. § 7 i naturmangfoldlova skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggas til grunn i beslutningar der offentleg myndighet kan påvirke naturmangfoldet:

§ 8 kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapsgrunnlaget om hjorteviltet i Lesja er god. Gjennom tidlegere forvaltning av stammen, ”sett elg skjema”, 7-dagers skjema”, ulike forskningsprosjekt, hjorteviltregisteret, jaktmateriale, naturbase, observasjonar, lokal kunnskap, faglege artiklar, Hjorteviltet, og rapportar og bøker som Målrette telgforvaltning betre ressursutnytting om forvaltning av elg og hjort gje dette eit godt kunnskapsgrunnlag i forvaltninga.

§ 9 føre-var-prinsippet: Med bakgrunn i eit godt kunnskapsgrunnlag vurderas det at det ikkje foreligg risiko for irreversible skader på hjortestammen eller elgstammen ved gjennomføring av bestandsplanen 2017-2021, og heller ikkje irreversible skader på veitegrunnlag/vegetasjon.

§ 10 samlet belastning på miljøet: Uttaket vil ikkje gje nokon negative belastningar på hjort og elg generelt, vegetasjon eller andre artar. Evaluering av planen bør evalueras etter 2 år for å gje ein indikasjon på om nye grep må gjennomføras.

§ 11 kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver: Ved eventuelle miljøforringelse, eller uforutsette hendelser i forbindelse med forvaltningen av stammen i kommande periode, vil dette bli belasta tiltakshavar.

§ 12 teknikker og driftsmetoder: Uttaket skjer ved ordinære jaktmetoder og det er ikkje andre metoder som vurderas til å vere betre egnar.

Dokumenter

1 I Søknad om godkjenning av nye bestandsplaner Lesja elgutvalg v/Tommy Sønsterud

	for elg og hjort	
2 S	Søknad om godkjenning av nye bestandsplaner for elg og hjort 2017-2021	
3 I	Bestandsplan ettersending av avskytingsplan	Lesja elgutvalg
4 U	Etterspørrelse om mer informasjon om avskytingsplan	Lesja elgutvalg
5 I	Bestandsplan med avskytingsplan	Lesja elgutvalg
6 U	SV: Bestandsplan	Lesja elgutvalg

Vedlegg

- 1 Bestandsplan for elg 2017-2021
- 2 Bestandsplan for hjort 2017-2021

Saksprotokoll i Forvalningsstyret - 06.06.2017

Behandling

Kari Selsjord stilte spørsmål om sin habilitet som sekretær for beitesamlaget. Styret fant Kari Selsjord habil.

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt, 5-0.

Vedtak

Lesja kommune vil med hjemmel av §15 og §16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt vedta bestandsplan for elg og hjort i Lesja kommune for perioden 2017-2021, med følgjande endringar for bestandsplanane:

7. Det tellande arealet for Lesjaskog viltlag reduseras med 7357 daa og blir dermed 126643 daa.
8. Det gjevest ei maksimal grense på 10 % av kvote på dyr jf. avskytingsplan som kan overføras frå eit år til eit anna for både hjort og elg.
9. I løpet av denne bestandsplanperioda må det revideras det tellande arealet for elg og hjort. Lesja kommune ønsker gjerne å delta på dette saman med rettigkeitshavarane for å einas om like reglar for endring av tellande areal.
10. Det blir gjeve ei kvote på totalt 545 elg og 495 hjort
11. Bestandsplanen bør legge opp til ei evaluering av planen etter 2 år for å gje ein indikasjon på om nye grep må gjennomføras.
12. Fellingskvota for elg og hjort reduseres med 5 elg og 5 hjort for Lesjaskog viltlag, jf. det reduserte tellande arealet for viltlaget.

Rådmannen får delegert myndighet etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt til å sende ut fellingsstillatelsane til kvart enkelt vald i dette bestandsplanområdet jf. dette vedtaket. Fellingstillatelsen skal gjevest for tal dyr utan spesifikasjon på alder og kjønn, sjølv om avskytinga skal følgje bestandsplanen jf. §18.

Bestandsplanen for elg og hjort 2017-2021 er eit godt verktøy for å få til ei heilskapleg forvaltning av elg og hjort i kommunen. Lesja kommune vil også nytte anledninga til å takke Lesja elgutvalg for eit godt arbeid med forvaltning av elg og hjort i Lesja gjennom mange år.

